1. *Kan revisjonen forklare hva bygningssjefen mener med "søknad om løyve til å endre bygget på bnr. 633, samt søknad om dispensasjon frå byggjegrensa mot 346. Dette av di vilkåra sett i sak 140/2 ikkje kunne etterkomast".*
2. *Kan revisjonen forklare hvilke vilkår er det som vises til og hva er det som ikke er etterkommet i sak 140/02?*
3. *Er revisjonen enig i at om avstanden til nabogrense blir redusert med 0,5 m "ikkje vil gi noko utslag i denne sammenheng"?*

Side 17- 18. Ny rammesøknad frå Reklamehuset (29.05.02 – 22.05.05), 5.3.1.

"Reklamehuset sendte ny søknad om rammeløyve til kommunen den 29.05.02. Søknaden blei sendt etter at makeskiftet mellom Reklamehuset og Foss Eiendom var gjennomført, og søknaden gjalt oppføring av nytt bygg på den tomte Reklamehuset hadde tileigna seg gjennom makeskiftet. Etter søknaden skulle det nye prosjektet vere "tilnærmet likt godkjent bygg i.h.h.t. rammeløyve gitt 15. februar d.å.

I forkant av søknaden blei det også sendt nabovarsel til fem nabover (Foss Eiendom AS, Lindås kommune, Hakon Eiendom AS, Hordaland Vegkontor, Thomassen Eiendom AS).

I administrasjonen si saksutgreiing blir det peikt på at disponibel tomt var utnytta maksimalt." Vidare står det: "Det vert søkt om dispensasjon frå grensa (tbl § 70). Dette gjeld for eideomane bnr. 78, 323 og 370. Det ligg ikkje føre stadfesta erklæring frå disse grunneigarane at det vert opna for bygging nærmere enn 5,0 m (min. halv bygningshøyde). Dersom slik erklæring vert gjeve, er det ikkje naudsynt med dispensasjon (tbl § 70) nr. 2 bokstav a.)"

De tre eiendommene det er referert til at det skal ha vært søkt om dispensasjon fra avstand til nabogrense, er ICA-bygget ved Hakon-gruppen (bnr. 78), Statens vegvesen (bnr. 323) og Lindås kommune (bnr. 370). Revisjonen har ikke mottatt dokumentasjon på at Reklamehuset sendte slik søknad om dispensasjon. I nabovarsel til Foss Eiendom, datert 29.05.02, var det ikkje kryssa av for at det er søkt om dispensasjon."

*Det trengtes ikke noen søknad om dispensasjon mot Foss sin grense. Bygget var her plassert slik som avtalt i makeskifteavtalen. Minste avstand mot grensen til Foss ville da bli 5,30 meter (trappehuset). Dette burde revisjonen påpekt, men har ingen merknader.*

1. *Mener revisjonen at det skulle vært søkt om dispensasjon fra avstand til grensa mot Foss og hva grunnlag har de for å mene det?*

Side 34. Siste avsnitt:

"I kommunen sitt vedtak 140/2 av 17.06.02 blir det stilt fleire vilkår for byggeløyve at det skal sendast inn skriftleg naboerklæring som viser at det blir gitt løyve til å plassere bygget nærmere enn 5 m frå nabogrensa. Revisjonen meiner at vedtaket er uklart i høve til om dette vilkåret medfører at det skal hentast inn skriftleg naboerklæring frå Foss Eiendom. Sjølv vedtaket kan lesast som om det skal hentast inn erklæring frå alle naboer der det er bygd nærmere enn 5 meter, men slik saksutgreiinga er formulert finn revisjonen det sannsynleg at vedtaket er meint å ikkje inkludere Foss Eiendom.

Revisjonen meiner at vedtaket burde vore klarare på dette tidspunktet. Dersom kommunen ikkje meinte at kravet om skriftleg naboerklæring ikkje skulle inkludere Foss Eiendom, grunna makeskifte eller andre tilhøve, burde det vore grunngjeve i saksutgreiinga kvifor Foss skulle behandlast annleis enn dei andre naboane. For revisjonen ser det ut til at Reklamehuset var plassert under 4 m frå grensa til Foss Eiendom på dette tidspunktet, medan det seinare er gitt dispensasjon til å bygge 2 meter frå grensa. Den vidare utviklinga i saka har vist at kommunen ikkje har stilt krav om eigen skriftleg naboerklæring frå Foss, sjølv om bygging nærmere enn 5 meter frå grensa er godkjent".

***Det er grove feil. Revisjonen forsøker å endre vedtaket.***

Revisjonen må svare på følgende:

1. Hva er det som er uklart i vedtaket?
2. Hvorfor skal det hentes inn skriftlig naboerklæring fra Foss når bygget er plassert over 5 meter fra grensen?
3. Hvilket grunnlag har revisjonen for å påstå at bygget var plassert under 4 meter fra grensen til Foss Eiendom på dette tidspunktet?
4. Forelå det ved behandlingen av sak 140/2 tilstrekkelig dokumentasjon?
5. Har kommunen mottatt skriftlige naboerklæringer?

Side 18, 3.avsnitt: "Hakon-gruppen godkjente bygging nærmere grensa enn utgangspunktet i lova."

**Dette er ikke riktig.** Hakon-gruppen sendte 09.09.02 brev til Lindås kommune og ba om at arbeidet ble stanset. I forbindelse med makeskifteavtalen fikk Reklamehuset fra Foss overlevert et dokument som ga rett til å bygge helt i grensen til bnr. 78. Dette var "en motytelse" for at Hakon-gruppen mot Foss sin godkjennelse (uten søknad om dispensasjon) av Lindås kommune fikk bygge helt i Foss sin grense. (25 cm inn på Foss Eiendom). Klagen ble derfor trukket tilbake. Dette har vi dokumentert overfor revisjonen.

Side 18, 3. avsnitt: Den 17.07.02 blei Reklamehuset varsla av Statens Vegvesen om at dei ikkje villa godta bygging nærmere deira eigedom enn krava i lova".

**Dette er ikke riktig.** I brev av 17.07.2002 skriv Statens Vegvesen m.a.: "Vegkontoret kan ikkje akseptere bygging som omsøkt. Vi kan godta at bygget blir sett opp minimum 2 meter frå felles grense. Føresetnaden er at De tar alle ekstra kostnader det vil påføre eit eventuelt nybygg på vår eigedom. Framlegg til avtale ligg ved."

Side 21, siste avsnitt: "Den 03.03.03 sendte Foss Eiendom eit brev til kommunen v/ formannskapet. Han skreiv at han meinte rådmannen i samband med klagehandsaminga ikkje hadde gitt formannskapet fullstendige opplysningar og dokument som ei forsvarleg handsaming krev, og ba formannskapet om å handsame saka på nytt. Det blei stilt ni spørsmål i brevet. Kommunen vidaresendte desse ni spørsmåla til ansvarleg søker for Reklamehuset den 14.03.03. Kommunen bad vedkomande kommentera spørsmåla.

**Dette er ikke riktig framstilling.**

Etter purring mottok vi svar i brev datert 07.05.03. I svaret skriver bygningssjefen følgende:

"Fleire av spørsmåla var av ein slik karakter at bygningssjefen følte det var riktig at ansvarleg SØK for prosjektet fekk desse oversendt for kommentar. Dette vart gjort 14.03. Diverre er desse kommentarane ikkje kome oss i hende, men er etterlyst".

*Etter brev frå oss til ordførar Odd Tøsdal 13.05.03 fekk vi dette svaret i brev av 15.05.03:*

"Ordføraren syner til Dykkar førespurnad om svar på dei spørsmål som vert stilt formannskapet i brev dagsett 03.03.d.å. og til Dykkar brev dagsett 13. d m der De understrekar at det er frå formannskapet De ønskjer svar, ikkje frå bygningssjefen. Bygningssjefen opplyser at fleire av spørsmåla var av ein slik karakter at han følte det var riktig å la ansvarleg sokjar for prosjektet få desse spørsmåla for kommentar. Dette vart gjort 14.03. Diverre er desse kommentarane framleis ikkje kome oss i hende, men er etterlyst. Eg vonar å kunne svara Dykk på spørsmåla innan kort tid."

*Vi fikk ikke noen tilbakemelding etter ordførarens svar av 15.05.03 og sendte purring i brev av 26.11.04 og konkluderte slik: "Då vi enno ikkje har fått svar frå kommunen, må vi tolke dette slik at kommunen innrømmer feil i sakshandsaminga. Som nevnt i vårt brev av 03.03.03 har vi hatt mykje arbeid, ubehag og kostnader med saka. I tillegg har vi hatt advokatutgifter på kr. 49.600,00 som vi krev dekka av Lindås kommune."*

I brev frå avdelingsleiar Lars Johan Haukås av 01.12.04 skriv han m.a.:

"Avdelingssjefen viser til Dykkar brev, motteke 29.11.04, der De etterlyser svar på brev dagsett 03.03.03.

Bygningssjefen og ordføraren svarte Dykk høvesvis 07.05. og 15.05. s .å. Svar utover dette må ansvarleg sokjar gjera greie for.

1. *Er revisjonen enig med bygningssjefen i at det er ansvarlig søker som har ansvaret for saksbehandlingen i byggesaker?*
2. *Er revisjonen enig med bygningssjefen i at det er gitt svar når han kan vise til at det to ganger er lovet svar?*

## **6. Byggesaka for Foss Eiendom.**

Dette er en sak som ikke er avsluttet. Vi skal foreløpig ikke kommentere så mye utover det som står i rapporten. Revisjonen er kritisk til kommunens saksbehandling, men det trekkes ingen konklusjoner som direkte sier at kommunen har gjort noen vesentlige feil.

Problemene som har oppstått i denne byggesaken er i alt vesentlig en konsekvens av kommunens uryddige saksbehandling ved oppførelse av Reklamehuset. Bygningssjefen har ved saksbehandlingen bygget på hva han har "trodd", hva han trodde politikerne ville gjort, uriktige opplysninger (løgn) og meningløse konklusjoner ved behandlingen av byggesaken til Reklamehuset, noe som førte til at intensjonen i makeskifteavtalen, å få en fornuftig utbygging i området både for Reklamehuset og Foss ble spolert og nå skal feilene/ulovlighetene forsvarer.

### Side 39, siste avsnitt.

"Denne forvaltningsrapporten viser utelukkande til saksforhold i to konkrete saker som ligg eit stykke tilbake i tid (2002-2006). Revisjonen kan difor ikkje konkludere med at funna er representative for dagens byggesaksbehandling i Lindås kommune."

1. *Mener revisjonen at dette var normal byggesaksbehandling i Lindås kommune i 2002/2006?*

2. *Har revisjonen sjekket opp mot behandlingen av andre byggesaker i Lindås kommune i denne perioden?*

Side 37, 2. avsnitt.

"I si handsaming av den første klagesaka gav fylkesmannen i brev av 04.04.05 uttrykk for at han meinte saka burde avklarast gjennom ei reguleringsendring. Etter dette gjorde Plan- og miljøutvalet ytterlegare tre vedtak som innebar at det blei gitt løyve utan at det låg føre søknad om dispensasjon, eller at kravet til utbyggingsplan blei sletta. Å gje løyve utan at det låg føre ein søknad om dispensasjon, eller at kravet til utbyggingsplan blei stetta. Å gje løyve utan at søknad er fullstendig er ein sakshandsamingsfeil som i dette tilfellet medførte at fylkesmannen oppheva dispensasjonsvedtaket. I tre av disse sakene var vedtaka imot rådmannen si innstilling, medan rådmannen let vere å fremje innstilling i den fjerde saka."

1. *Revisjonen er svært kritisk til utvalget sine vedtak som er gitt uten det er søkt om dispensasjon. Hvorfor er ikke samme kritikken satt fram når det gjelder Reklamehuset og hvorfor fikk det ingen følger?*

*Vi kan ikke se at den kritikken som er rettet mot utvalget er berettiget.*

1. *Mener revisjonen at utvalget burde gått inn for rådmannens forslag om å opprettholde vedtaket i sak 368/4, en sak som revisjonen har mange kritiske merknader til?*

Side 38 7.4. andre avsnitt: "Foss opplyser om at kommunen i førehandskonferanse bad han vente med å levere søknad til det låg føre ny reguleringsplan, og at dette skulle forenkle søknadsprosessen hans. Dersom desse opplysningane er korrekte, meiner revisjonen kommunen burde vurdert om dette kan gje grunnlag for dispensasjon frå kravet om utbyggingsplan. Ettersom det ikkje ligg føre referat frå førehandskonferansen i byggesaka har ikkje revisjonen grunnlag til å uttale seg om kva som blei sagt på dette møtet".

Side 25, første avsnitt: "Ingen av representantane frå kommunen kan hugse at dei har oppfordra Foss til å vente med å sende inn søknad til etter den nye reguleringsplanen var trådd i kraft. Ein av dei to seier likevel at det ikkje er usannsynleg at han kan ha sagt noko om dette på orienteringsmøtet med Foss Eigedom, då det var naturleg å knyte bygget til den nye reguleringsplanen. Intervjuobjektet fortel vidare at Foss Eigedom sine byggeplanar var meir tilpassa den nye planen, og at det ville vore snakk om fleire dispensasjoner m.v. Dersom bygget skulle ha blitt handsama etter gamal plan."

1. *Har revisjonen kontrollert om det er riktig at det ville være snakk om flere dispensasjoner dersom byggesaken hadde blitt behandlet etter gammel plan?*

*På forhandskonferanse 28.08.03 opplyste Lars Johan Haukås at det den 25.09.03 skulle vedtas ny reguleringsplan for området og anbefalte Foss til å vente med å sende inn byggesøknad til etter denne tid. Byggesøknad ble derfor ikke sendt inn før 28.09.03. I brev av 25.05.04 fra vår arkitekt Ulf Røstøen til Lindås kommune er m. a. nevnt:*

"Når vi på forhåndskonferansen lanserte dette prosjektet, ble vi anbefalt å vente med å sende inn rammesøknad til reguleringsplanen var endelig vedtatt. Vi forutsetter at dette forholdet må legges inn i behandlingen og da på en slik måte at det ikke blir stilt strengere krav enn tilfellet ville vært dersom vi hadde levert søknaden tidligere."

*Det er ikke kommet noen tilbakemelding fra kommunen om at det arkitekten her skriver ikke er riktig.*

*Vi viser til ovenstående der både arkitekten og undertegnede er helt klare på at det den 28.08.03 ble avholt en førehåndskonferanse og at vi ble anbefalt å vente med å sende inn byggesøknad tilden nye reguleringsplanen var vedtatt. En av kommunens saksbehandlere mener også at dette kan være riktig.*

Side 2, siste avsnitt: "Kommunen har latt vere å skrive referat frå møter. Å ikkje nedteikne opplysningar eller merknader av betydning for ei sak kan vere brot på forvaltningslova § 11".

1. *Har kommunen brutt loven?*
2. *Hvorfor trekker revisjonen i tvil arkitekt/vår påstand om at bygningssjefen har anbefalt Foss å vente med å sende inn søknad til etter den nye reguleringsplanen var vedtatt?*

*De to viktigste grunnene til problema med Foss sin byggesak bunner i alt vesentlig i to punkt:*

1. *Makeskifteavtalen er ikke blitt fulgt ved oppføringen av Reklamehuset.*
2. *Bygningssjefen har gitt uriktige/holdt tilbake opplysninger ved å anbefale Foss å vente med å sende inn byggesøknad til etter den nye reguleringsplanen var vedtatt.*

Side 8, siste avsnitt: "Ein av dei private partane fremja skriftlege innspel til revisjonen.

Innspela førte til at revisjonen utførte nokre ekstra faktakontollar og nokre mindre endringar i rapporten. Innhaldet i desse endringane er avklart med kommuneadministrasjonen."

*Ut frå dette må en trekke den slutning at rapporten er utarbeidd i samråd med kommunens saksbehandlere og at de har styrt hvilke dokumenter revisjonen har fått tilgang til. Dette svekker rapportens trorverdigheit.*

*Etter gjennomgangen av rapporten sitter vi igjen med flere spørsmål enn svar. Vi kommer til følgende konklusjon:*

*Rapporten gir et inntrykk av at saksbehandlingen i byggesakene ikke har vært i samsvar med lovverket. Likevel ender den opp med at dette ikke bør få noen konsekvenser for kommunen, men at det er rom for forbedringer. At det i rapporten bl.a. manipuleres, er flere tilfeller av sitatfusk, flere uriktige påstander og at dokumenter som Foss legger fram ikke tas hensyn til, viser at rapporten ikke er objektiv og må karakteriseres som et makkverk.*

5914 Isdalstø, 22.12.2011.

Lindås kommunestyre  
v/ ordførar Astrid Aarhus Byrknes  
5914 Isdalstø.

### **Forvaltningsrevisjonsprosjektet – Sakshandsaming byggesaker for Foss Eiendom og Reklamehuset.**

Lindås kommunestyre gjorde i møte den 16.06.2011 følgjande vedtak:

"1. Kommunestyret viser til revisjonsrapporten og tilrådingane i punkt 8 og pålegg rådmannen å syta for at tilrådingane vert etterlevde. Rapport om korleis dette er følgt opp vert å leggja fram på kommunestyremøtet i september 2011

Etter framlegg frå A. Ramslien Krf. (utan grunngjeving, vår anm.) vart siste setninga endra til: "leggja fram for kommunestyret i løpet av hausten 2011.

#### **Intervjureferat.**

I samband med utarbeidingsa av rapporten føretok revisjonen intervju med to personar frå kommunen og ein representant av dei to partane. Innhaldet i intervjeta er brukt som bevis i rapporten.

Ved fleire høve er det i rapporten sett fram urette skuldingar mot Foss Eiendom. Vi har derfor bedt revisjonen om å få framlagt intervjeta, men dette nektar dei.

Vi har også bedt Lindås kommune ved rådmannen om få tilgang til intervjeta men får slikt svar:

*"Kontrollutvalet i Lindås kommune har fått utarbeidd ein grundig revisjonsrapport for byggjesaker for to prosjekt i Knarvik: Reklamehuset og Foss Eigedom si byggjesak på nabotomta.*

*Rådmannen oppfattar denne forvaltningsrevisjonen som ei fullgod og endeleg klarlegging i sakshandsaminga i desse sakene. Forvaltningsrapporten er ferdig handsama i politiske organ".*

Vi har gått gjennom rapporten og kan ikkje finne at den er "fullgod". Kommentarane til rapporten som er utarbeidd av underteikna, følgjer vedlagt.

Det står opp til kommunestyret om dei vil halde fast på at den er fullgod eller om dei vil sende den tilbake til Deloitte for revisjon

I rapporten er det vist til intervjeta fleire gonger. Når intervjeta blir brukt som bevismateriale, synes det urimelig å nekte at disse vert gjort tilgjengelige for dei involverte partane. Revisjonsrapporten er et offentlig dokument og då må også intervjureferata vere det. Kommunestyret må ta stilling til om vi skal få tilgang til intervjeta med kommunens tilsette.

Intervjuet med underteikna følgjer vedlagt. Det kan fritt brukast som ein del av revisjonsrapporten.

**Klage på delegert vedtak 033/02 og 234/2 Reklamehuset Eiendomsselskap ANS-Gnr. 188 Bnr. 633.**

Saka er omhandla i forvaltningsrevisjonen på side 21 og 22 under

**5.3.4. Klage på vedtak om dispensasjon.**

Klagen vart avvist av bygningssjef og seinare ordførar utan å bli behandla av formannsskapet. Nedanfor skal vi repete hendelsesforløpet:

1. Klage sendt 05.11.02
2. Klage behandla i formannskapet 18.04.2002. Klagen vart ikkje tatt til følgje.
3. Ifølgje postjournalen vart klagen sendt fylkesmannen for avgjerd 19.04.02.
4. Etter ei tid stilte vi spørsmål til fylkesmannen om kva tid klagen ville verte behandla. Vi fekk svar frå fylkesmannen der han opplyste at han ikkje hadde mottatt nokon klage. Ved nærmare etterrøking kom det fram at brevet var underslått av administrasjonen.
5. Saka vart tatt opp med kommunen, men bygningssjefen meinte at søkeren hadde trekt klagen og nekta på det grunnlaget å sende klagen til fylkesmannen. Etter dette greip fylkesmannen inn overfor kommunen og klagen vart vidaresendt 27.01.03.
6. Fylkesmannen avviste klagen med slik grunngjeving: "Spørsmålet er om klagaren som eigar av naboeigedomen i dette tilfelle har "rettslig klageinteresse" etter forvaltningslova § 28, 1 ledd, 1. punktum. Fylkesmannen har kome til at slik rettsleg klageinteresse ikkje ligg føre i dette tilfellet. Fylkesmannen legg til grunn at den først omsøkte plasseringa av nybygget ikkje lenger er aktuell, bygget er ferdig oppført på anna tomt. Fylkesmannen meiner såleis at klagaren si rettslege klageinteresse må knytast opp mot den nye plasseringa av nybygget. Det er det siste vedtaket om plassering som eventuelt vil påverke klagaren sine rettar. Fylkesmannen kan vanskeleg sjå at klagaren har andre relevante interesser i høve til det første vedtaket, enn eventuelt å få dekka sakskostnader, som påpekt i klagen. Fyllesmannen kan ikkje sjå at omsynet til eventuell etterfølgjande dekning av sakskostnader er tilstrekkeleg til å oppfylla det materielle kravet om rettslig interesse."
7. 03.03.03. sende vi brev til Lindås formannskap der vi gjekk gjennom saka og påviste feil som var gjort og bad om at saka vart behandla på nytt og at vi krov dekning for store kostnader.
8. 07.05.03 svarar bygningssjefen : "Fleire av spørsmåla var av ein slik karakter at bygningssjefen følte det var riktig at ansvarleg SØK for prosjektet fekk desse oversendt for kommentar. Dette vart gjort 14.03. Diverre er desse kommentarane ikkje kome oss i hende, men er etterlyst. Bygningssjefen vonar å svara Dykk innan kort tid".
9. 15.05.2003 får vi svar frå ordførar (etter purring 05.05.02) "Bygningssjefen opplyser at fleire av spørsmåla var av ein slik karakter at han følte det var riktig å la ansvarleg søker for prosjektet få desse spørsmåla oversendt for kommentar. Dette vart gjort 14.03. Diverre er desse kommentarane framleis ikkje kome oss i hende, men er etterlyst".

10. 26.11.04 sende vi brev til Lindås formannskap. Då vi ikkje hadde fått noko svar tolka vi dette som at kommunen innrømde feil i sakshandsaminga og bad om at vi fekk dekning for ubehag og kostnader og i tillegg advokatutgifter kr. 49.600,00.
11. 01.12.2004 får vi svar fråbygningssjefen der han skriv m.a.: "Bygningssjefen og ordføraren svarte Dykk høvesvis 07.05 og 15.05. s.å." Vidare viser han til fylkesmannens avgjerd og aviser kravet på dekning av sakskostnader.
12. 10.02.05 skriv vi brev til ordførar og gjekk gjennom saksgangen der vi mellom anna forklarte at grunnen til at saka ikkje vart handsama at fylkesmannen var at han ikkje fekk saka til behandling før nesten eit år etter den skulle vore sendt.
13. 22.02.2005 får vi svar frå ordførar der det er nevnt m.a.: "Kommunen meiner at spørsmåla som er stilt i Dykkar brev av 03.03.03 er av ein slik art/detaljgrad at dette ligg til ansvarleg søkjær av dei to byggeprosjekta å svara på. Med bakgrunn i ei slik vurdering vart brevet sendt ansvarleg søkjær for uttale. Tross purringar til ansvarleg søkjær har kommunen per dags dato ikkje fått noko svar som kan sendast vidare til Dykk, noko vi seier oss lei for".

Vår klage kom ikkje til behandling i formannskapet, men blei avvist av bygningssjef og ordførar.

Vi kan summere opp saksgangen slik:

1. 07.05.03: Bygningssjefen vil ha kommentar frå ansvarleg SØK før han kan svare på klagen.
2. 15.05.03: Ordføraren svarar det same som bygningssjefen.
3. 01.12.03: Etter at vi etterlyser svar skriv bygningssjefen at vi har fått svar frå bygningssjef og ordførar høvesvis 07.05 og 15.05.02 s.å.
4. 22.02.05: Svarar ordførar at det er ansvarleg søkjær som må svare på spørsmåla og beklagar at det ikkje er kome svar som ein kan sende vidare.

*Ut frå dette ber vi kommunestyret ta stilling til om det er ansvarleg søkjær som har ansvaret for sakshandsaminga i kommunen og om den framgangsmåte som vidare er brukt: Underslå brev, love svar og seinare nekte å gi svar er ein akseptabel metode til å få fråskrive seg ansvar på.*

*Vi ber om at sak 033/02 og sak 234/2 vert behandla på nytt og at det vert tatt stilling til dekning av kostnader og advokatutgifter.*

#### Bortkomne teikningar:

Administrasjonen opplyser at teikningar stempla 06.02.02 ikkje er å finne. Dersom desse teikningane er borte er makeskifteavtalen verdilaus då disse teikningane er spikra til denne avtalen og fastset størrelse og plassering av Reklamehuset. Vi har heile settet med teikningar stempla Lindås kommune 06.02.02 så den eller dei som har fjerna teikningane frå saksmappa kan no like godt legge dei tilbake.

I den nye søknaden i sak 234/2 er ifølgje ansvarleg søkjær dei nye teikningane stempla Lindås kommune 03.06.02, "identiske" med teikningane frå 06.02.02. Heller ikkje desse teikningane er å finne ifølgje revisjonen.

Ansvarleg søkjær skriv at bredda på bygget på desse teikningane er 17,7 meter. Bygningssjefen seier teikningane viser breidde 20,5 meter. Dersom ansvarleg søkjær har

sendt inn teikningar på bygg som viser breidde på 20,5 meter, er det viktigaste punktet i makeskifteavtalen brote, noko som vil medføre alvorlege konsekvensar for Reklamehuset.

Det er kommunen som har ansvaret for at det føreligg teikningar ved handsaming av byggesaker. Vi godtar ikkje bygningssjefens målsetting og dersom det ikkje kan bevisast at teikningane frå 03.06.02 viser ei bredde på 20,5 meter, men at det er slik som ansvarleg sokjar hevdar, at den er 17,7 meter, blir det eit problem som vil få alvorlege følgjer for kommunen då dette skiplar heile saksbehandlinga i sak 234/2.

Vedlagt forvaltningsrapporten er det eit ein Høyringsuttale frå rådmann punkt 2. Under

*a. "Rådmannen meiner det var korrekt å ikkje sende brevet til fylkesmannen.*

*b. Rådmannen meiner det i denne saka, Foss Eiendom sine byggesøknader, var heilt klart for utbyggjar at her var eit krav i reguleringsplanen om utbyggingsplan. Utbyggjar hadde vore medlem av prosjektgruppa for planen som var utarbeidd i eit samarbeid mellom næringslivet, vegkontoret og kommunen. Administrasjonen var innstilt på å tilrå dispensasjon frå dette plankravet dersom vilkår for dette var oppfylt. Utbyggjar kom etter administrasjonen sitt syn ikkje med slike tilpassingar. Rådmannen meiner kommunen såleis fullt ut oppfylte si rettleatingsplikt her."*

Det er riktig at underteikna var med i ei slik gruppe som nevnt under b. Eg var valt som representant for Knarvik Næringsforening og la ned mange titalt timar gratisarbeid. Det viktigaste for næringsforeninga var å få planlagt to rundkjøringar og 4-felts vei gjennom Knarvik. Dette er 3. gongen at min innsats i utvalet blir brukt som argument mot meg i samband med saker som gjeld Foss Eiendom. Dette er berre trist.

*Kommunestyret må ta stilling til om dei er einig i rådmannens slutningar.*

25.10.2010 skriv leiar ikontrollutvalet Ingeborg Askeland:

*"Ordførar. Viser til e-poststrengen nedanfor og tillet meg å minna om dette brevet, som vi oversende til vidare handsaming. Brevet innheldt ma påvising av usanningar i det uttrykte vedleggjet frå rådmannen til revisjonen i sak KU-sak 41/10 (gjerdesaka). Svaret i eposten nedanfor frå rådmannen viser at det verkeleg er usanne påstandar i det uttrykte tilsvaret frå administrasjonen til revisor. Dette er ei alvorleg sak som dessverre svekkjer tiltrua til administrasjonen, desto meir sidan det ikkje kan kallast ein glipp, det er eit brev tre betrudde personar i administrasjonen som står bak".*

Rådmannen svarte på brevet den 03.11.2010. Kontrollutvalet sende kopi til oss. Vi sende brev til rådmannen 18.02.2011 og kommenterte svara som var gitt til Kontrollutvalet. Vi skal ikkje sitere heile brevets innhald, men sitere eit avsnitt:

*"Det er med vantru ein må konstatere at det vert tydd til bortforklaringer, forvrengingar, forfalskningar og usannheiter for å forsvare ureglementert sakshandsaming".*

Dessverre er det slik at det vi har sitert ovanfor har vore gjennomgangen i mange av våre saker i Lindås kommune.

Revisjonen har sett opp tilråding i 8 punkt. Det står opp til kommunestyret om det vil vedta desse punkta slik dei er lista opp eller om ein etter vår gjennomgang av revisjonsrapporten finn grunn til å endre desse.

Sakene som er omhandla i dette brevet har vore til plage for oss (underteikna) i snart ti år. Dersom kommunen vil avvise å gå gjennom sakene på nytt vert dette ikkje akseptert

Kopi av gjennomgangen av revisjonsrapporten blir sendt til Deloitte.

Med helsing  
FOSS EIENDOMSSELSKAP A/S

Bjarne Foss.

Vedlegg:  
Kommentar til Forvaltningsrevisjon  
Intervjureferat Bjarne Foss  
Krav til parkeringsplassar for Reklamehuset